



DEN NORSKE KIRKE
Bekkelaget og Ormøy menighet

MØTEINNKALLING

Bekkelaget og Ormøy menighetsråd

Møtedato: 09.10.2019



DEN NORSKE KIRKE

Bekkelaget og Ormøy menighet

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
John A. Gjertsen	411	19/00139-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Bekkelaget og Ormøy menighetsråd	09.10.2019

Konstituering av Bekkelaget og Ormøy menighetsråd

Forslag til vedtak

Soknepresten ble valgt til å lede sesjonen om valg av ny menighetsrådsleder.

..... ble valgt til leder av Bekkelaget og Ormøy menighetsråd for ett år.

..... ble valgt til nestleder av Bekkelaget og Ormøy menighetsråd for ett år.

..... ble valgt til nestleder av Bekkelaget og Ormøy menighetsråd for ett år.

Menighetsrådets leder og nestledere utgjør sammen med sokneprest og daglig leder rådets arbeidsutvalg.

Saksorientering

På dette møtet er det planlagt å konstituere rådet med valg av leder og nestledere. På neste møtet vil det bli en ytterligere fordeling av oppgaver, og viser til informasjon om dette i håndboka kapittel 2.4.

Tradisjonelt har soknepresten ledet rådet når det hvert år skal velges leder og nestledere. Det foreslås at dette er det første valget som må gjøres.

Orientering om rådets oppgaver er nedfelt i kirkeloven. Håndbok for menighetsråd og kirkelig fellesråd er nylig revidert og kan for rådet, i en del situasjoner, være en god veiledning.

Håndboka ligger åpent på internett eller kan lastes ned her:

https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/for-medarbeidere/handboker---veiledninger/mr_fr_handbok_2019_2023.pdf

Fra håndboka 2.2 om valg av leder og arbeidsutvalg:

Dei nyvalde sokneråda trer i funksjon 1. november og kyrkjeleg fellesråd 1. desember i valåret. Sokneråd med fellesrådsfunksjonar, dvs sokneråd i kommunar med berre eitt sokn, trer i funksjon som sokneråd 1. november og i fellesrådsfunksjonane 1. desember i valåret, jf. vr § 1. Konstituerande møte i det nyvalde soknerådet skal haldast innan utgangen av oktober i valåret. Konstituerande møte i det nyvalde kyrkjeleg fellesråd skal haldast innan

utgangen av november i valåret. Det er leiaren av det avtroppande rådet som kallar saman til møte med minst 14 dagars varsel. Det konstituerande møtet i rådet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er til stades. Leiar og nestleiar skal som nemnt veljast kvart år innan 1. januar, og valet skal vere skriftleg, jf. verksemdreglane § 1 nr. 3. Det er naturleg å velje dei to kvar for seg, først leiar og så nestleiar.

Leiar og nestleiar bør veljast blant dei leke medlemmene i rådet sjølv om det ikkje er noko formelt til hinder for at presten eller ein kyrkjeleg tilsett som eventuelt er vald inn i rådet, kan veljast til leiar eller nestleiar, men Kyrkjemøtet har uttrykt at det er lite ønskjeleg, særleg i fellesrådet, der ein arbeidstakar kan bli sin eigen arbeidsgjevar. Leiaren og nestleiarar må veljast blant dei faste medlemmene i rådet. Leiaren har ei nøkkelstilling, med hovudansvar for at oppgåvene til rådet blir utførte. Leiaren og nestleiarar skal som nemnt veljast kvart år, jf. verksemdreglane § 1.3. Vervet som rådsleiar er viktig, men det gir inga spesiell avgjerdsfullmakt. Det er rådet samla som gjer vedtak, og særstillinga til leiaren blir berre aktuell når dobbeltrøysta blir brukt ved likt røystetal. Rådet kan òg delegere avgjerdsfullmakt til leiaren i medhald av kyrkjelova §§ 8 og 13. Sjå 8.3.

Likevel har leiaren sterk innverknad på arbeidet i rådet i kraft av dei oppgåvene som naturleg fell på leiaren: • innkalling til møte, • forslag til sakliste, • førebuing av sakene, • leiing av møtet, • oppfølging av vedtak. Dersom ein ikkje gjer bruk av saksordførarar har leiaren og ei spesiell rolle ved retten til å kome med forslag til vedtak i saker. Leiarrolla blir mindre omfattande dersom det er ein dagleg leiar som i hovudsak tek seg av oppgåvene nemnt ovanfor, i samarbeid med leiaren. Dette gjeld ikkje minst førebuing og oppfølging av sakene.

Arbeidsutval – dagleg leiar – delegering Dei fleste råda vil ha god nytte av å sette ned eit arbeidsutval, til dømes til å førebu saker for rådet. Arbeidsutvala fungerer ulikt avhengig av lokale forhold, tradisjonar og om ein har dagleg leiar. Har rådet dagleg leiar, kan vedkomande ta seg av førebuinga av dei fleste sakene og forslaga til vedtak. Somme saker kan det likevel vere naturleg at arbeidsutvalet førebur og legg fram forslag til vedtak for rådet. Dette er gjerne saker som er under førebuing, og der arbeidsutvalet kjem med innspel før saka blir lagd fram for rådet. Arbeidsutvalet kan òg vere med på å følgje opp vedtak i rådet innanfor dei rammene rådet fastset. Bruk av arbeidsutval kan medverke til å effektivisere arbeidet. Lova opnar òg for at leiaren eller eit arbeidsutval samansett av leiaren og minst to av rådsmedlemmene kan få fullmakt til på sakleg avgrensa område å gjere vedtak på vegne av soknerådet eller kyrkjeleg fellesråd (jf. kyrkjelova § 8 og § 13).

Delegering etter denne regelen må reknast som intern delegering, med den konsekvensen at eventuell klage må behandlast som om vedtaket var gjort av rådet sjølv. Det kan til dømes vere vedtak om utlån av kyrkja og andre saker som anten blir vurderte som kurante, eller som det kan vere praktisk å delegere til eit arbeidsutval, eventuelt til leiaren. Det blir meir og meir vanleg at avgjerdsfullmakt i kurante saker blir delegert anten til arbeidsutvalet eller til den daglege leiaren. Slik fullmakt bør primært delegerast til den daglege leiaren der slik stilling er oppretta. Sjå kap. 7.4.

Avgjerder som er tekne med heimel i slik fullmakt, skal refererast i førstkomande møte i rådet. Ein må derfor lage protokoll frå møta i arbeidsutvalet. Denne skal leggjast fram for rådet.

Somme saker som kjem til rådet, kan leiaren eller den daglege leiaren ekspedere reint rutinemessig til rette vedkomande. Saker som ikkje er av prinsipiell art, er det naturleg å delegere til den daglege leiaren. Regelen er slik å forstå at den daglege leiaren har plikt til å gå tilbake til rådet dersom det kan vere tvil om eit vedtak er av prinsipiell art.

Leiaren eller arbeidsutvalet kan ikkje gjere vedtak på vegner av rådet dersom det ikkje er gitt spesiell fullmakt til det. Soknerådet og kyrkjeleg fellesråd bør derfor diskutere omfanget av delegering og utarbeide nærmare mandat og retningslinjer i eit delegeringsreglement.

Leiaren og arbeidsutvalet må arbeide heilt ope overfor rådet, og vedtak dei har gjort, skal gjerast kjende for rådsmedlemmene i det første møtet.

Dei kyrkjelege fellesråda skal ha ein dagleg leiar for verksemda, mens sokneråda kan ha dagleg leiar for verksemda. Ein dagleg leiar vil kunne ta hand om dei mange oppgåvene til rådet, med mellom anna innkalling til møte, sakspapir, møteprotokollar, rapportar og annan korrespondanse, arkivering og journalføring. Dersom soknerådet ikkje har fått opprette ei slik stilling, kan det inngås avtale om at den daglege leiaren av fellesrådet eller ein annan fellesrådstilsett tar seg av administrative oppgåver for soknerådet. Soknerådet kan sjølv velje ein sekretær blant medlemmene sine eller ein kan finne andre løysingar.



DEN NORSKE KIRKE

Bekkelaget og Ormøy menighet

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
John A. Gjertsen	411	19/00139-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
2/19	Bekkelaget og Ormøy menighetsråd	09.10.2019

Valg av representanter til Kirkelig fellesråd i Oslo

Forslag til vedtak

.... ble valgt til å være rådets representant i Kirkelig fellesråd i Oslo.

.... ble valgt til å være rådets vararepresentant i Kirkelig fellesråd i Oslo.

Saksorientering

Kirkelig fellesråd i Oslo har flere viktige saker i den kommende perioden. Først og fremst er den sentrale kirkeøkonomien en stor utfordring, men også deler av forvaltningen som regnskap og drift har vist seg krevende i foregående periode, og forventes å fortsatt være en sak å følge opp i kommende periode. I forrige periode var ny kirkebruksplan en stor sak, men Kirkelig fellesråd i Oslo har ikke klart å spare inn det de håpet, så kirkebruksplan kan fortsatt være en viktig sak for det nye rådet å følge opp. Videre er det flere som har tatt til ordet for en enhetlig kirkelig arbeidsgiverlinje skal prøves ut i Oslo bispedømmet, og skal Oslo bispedømmet lykkes med et slikt forsøk, krever det en ny organisering av fellesrådene i Oslo, Bærum og Asker og Røyken kommune i en felles enhet med Oslo bispedømme.

Representantene for fellesrådene velges for 4 år av gangen. De i fellesrådet som ikke sitter i noen av fellesrådets utvalg, møtes normalt 4-5 ganger i året.

Erfaring og kjennskap med hvordan kirken er organisert, vil være en stor fordel for de som skal representere menigheten.

Fra Håndbok for menighetsråd og kirkelig fellesråd:

3.2 Kyrkjeleg fellesråd – ansvar og oppgåver

I alle kommunar med meir enn eitt sokn, er det lovfesta at det skal vere eit kyrkjeleg fellesråd. I omlag 2/3 av kommunane i Noreg er det slik. I kommunar med eitt sokn er det soknerådet som utøvar dei funksjonar som elles ligg til kyrkjeleg fellesråd.

Kyrkjeleg fellesråd er eit felles organ for sokna, og eit kyrkjeleg organ forplikta på føremålsparagrafen ein finn som § 1 og § 28 i kyrkjelova. I kyrkjeleg fellesråd sit det representantar frå sokneråda i tillegg til ein prest og ein representant oppnemnd av kommunen. Kyrkjelova slår fast at det er nokre oppgåver sokna skal samarbeide om

gjennom dette felles organet. Kyrkjeleg fellesråd har sin eigen «hovudparagraf» i kyrkjelova (kl §14) som seier kva som er føremålet med rådet, og kva oppgåver det har. Ansvaret er «positivt avgrensa» (jf. soknerådet «negativt avgrensa»). Positivt avgrensa vil seie at dei oppgåvene fellesrådet har ansvar for, er eintydig definerte i kyrkjelova, sjå særleg § 14. Det er ansvaret for:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna,
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen,
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane,
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Slik blir kyrkjeleg fellesråd eit strategisk samhandlingsorgan, både mellom sokna og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til kyrkjeleg fellesråd er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, gravplassar og kyrkjeinventar,
- å skaffe og drive kyrkjekontor (også prestekontor),
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også leggje til rette for konfirantar med særskilde behov (sjå universell utforming),
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er lønna over fellesrådsbudsjettet (opprette og leggje ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakarar, ansvar for arbeidsmiljø, sjå elles kap. 7),
- å forvalte felles økonomi, t.d. midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå Kyrkjemøtet til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til kyrkjeleg fellesråd, gåver/arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar (sjå kap. 8),
- å sørge for administrativ hjelp til prosten når Kyrkjemøtet stiller midlar til disposisjon.

Alt dette er svært viktig område for soknet. Kyrkjeleg fellesråd skal sørge for gode rammevilkår, slik at sokna kan løyse oppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte. Det er derfor viktig at det er gode rutinar for dialog mellom sokneråda og kyrkjeleg fellesråd i desse sakene. (Sjå nærare om dette i vedlegg 4: Rundskriv frå KA og Kyrkjerådet om Ansvarsfordeling og samarbeid mellom menighetsrådet og kirkelig fellesråd.)

Kyrkjeleg fellesråd og kommunen

Ei hovudoppgåve for kyrkjeleg fellesråd er å utvikle gode relasjonar og gode rutinar i høve kommunen, som har eit finansielt ansvar for kyrkja (sjå kyrkjelova § 15). Paragraf 15 seier kva kommunen pliktar å løyve pengar til. Budsjettarbeidet, med planar for kyrkjeleg verksemd, som syner kva kyrkja treng av ressursar, er dermed truleg den viktigaste fellesrådsoppgåva i høve kommunen.

Kyrkjeleg fellesråd – intern økonomiforvaltning og arbeidsgivaransvar

Ei hovudsak for kyrkjeleg fellesråd er å utvikle og utvide dei økonomiske rammene og samordne tilhøvet mellom den lokale kyrkja og kommunen.

Samstundes har kyrkjeleg fellesråd som oppgåve å forvalte dei samla ressursane på ein forsvarleg og rettferdig måte i høve sokna. Det gjeld òg den ressursen dei tilsette representerer.

Å forvalte arbeidsgjevaransvaret er ei omfattande oppgåve med eit stort ansvar. Kyrkjeleg fellesråd kan delegere nokre arbeidsgjevarfunksjonar til sokneråda, men ansvaret ligg til sjuande og sist hos fellesrådet. Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for å utvikle ein god arbeidsgjevar- og personalpolitikk som kan gi stolte og engasjerte medarbeidarar. (Sjå meir om dette i kap. 7).

Det er, med nokre få unntak, soknet som eig alle kyrkjebygga, jf. kyrkjelova § 17. Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av kyrkjebygga på vegne av

sokna. Soknerådet og presten styrer kyrkjeleg bruk og utleige av kyrkjene (jf. eige regelverk for bruk av kyrkjer), men elles er det fellesrådet som forvaltar kyrkjebygget (jf. kap. 6).

**DEN NORSKE KIRKE**

Bekkelaget og Ormøy menighet

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
John A. Gjertsen	411	19/00140-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
3/19	Bekkelaget og Ormøy menighetsråd	09.10.2019

Møteplan for menighetsrådet i Bekkelaget og Ormøy høsten 2019 - februar 2020

Forslag til vedtak

Møtedatoene godkjennes med de endringene som det var enighet om på møtet.

Saksorientering

Forslag til møtedatoer fremover.

Om ikke annet er avtalt, legges møtene til der det er kirkemiddag, det vil si enten SEM eller Bekkelaget, og møtet starter kl. 18:15. For at rådet skal bli godt kjent med egne ulike lokaler, kan også møtene legges til andre steder, som eks. barnehage, sykehjem eller menighetssenter. AU drøfter dette og gjør dette ev. kjent i god tid før møtet.

Hvert møte har tre som er ansvarlig for å gjøre ting klart, det vil si ev. ommøblering og bevertning. Etter møtet har alle et ansvar for å hjelpe til med å rydde opp, men de som har ansvaret, følger spesielt opp mat og kjøkken.

Felles eiendomsbefaring: torsdag 17. oktober. 18:00 – 21:00 – oppmøte SEM. (middag fra kl. 17)

AU møte – 13. november

MR møte – 4. desember ansvarlig: Alf Henry, Betzy og Sondre

AU Møte . 15. januar

MR møte 29. januar. ansvarlig: Kari, Rune og Terje

AU møte 26. feb.

MR møte 11. mars (behandling av årsrapport og årsregnskap). ansvarlig: Trond, Tom, Roar

AU møte 22. april

Årsmøte 26. april

MR møte 6. mai. ansvarlig: Harald, Alf Henry og Sondre

AU møte 27. mai

MR møte 17 juni – m. avslutning. ansvarlig: Sissel, Siri og Helen